



Notat

Dato: 22.09.2016
Arkivsak: 2014/10533-34
Saksbehandlar: asthje

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status handlingsplan for forholdet mellom skuleeigar og skulane pr. 01.09.2016

Bakgrunn for saka:

I samband med handsaming av sak PS 33/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular, gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 04.04.2016:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status når det gjeld forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular på tiltakspunkta 1a-b, 2 a-b, 3 c, 6 a, 8 c-d og 9 b-f i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.»

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 23.03.15:

«Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er kome i gang når det gjeld forvaltningsrevisjonen av forholdet mellom skuleeigar og skular. På bakgrunn av at mange av punkta er planlagt gjennomført eller starta opp i løpet av 2015 ber kontrollutvalet om status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»

Fylkestinget bad i møtet 15.10.14 fylkesrådmannen syte for å: *«lage ein handlingsplan innan 02.01.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådinga i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven skal ha ansvaret for iverksetjinga».*

Handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjonen av forholdet mellom skuleeigar og skular vart handsama i sak RS 1/15; møte opplæring- og helseutvalet 20.01.15, sak RS 10/15; møte fylkesutvalet 20.01.15, sak RS 1/15; møte fylkestinget 10.03.15, sak RS 18/15; møte kontrollutvalet 23.03.15, samt sak PS 33/16; møte kontrollutvalet 04.04.16.

Vedlegg i saka:

- Status for arbeidet med Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skulane – handlingsplan
- Mal «Leiarsamtale – utvikling og oppfølging»